



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon til tilbygg til fritidsbustad - Meland – gnr. 36 bnr. 38 – Refskar.

Vi viser til brev frå kommunen datert 21.03.2019. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø avsett i kommuneplanen sin arealdel. Tilbygg til fritidsbustad med bruksareal på ca. 46,4 m² er omsøkt i bakkant av bygget.

Gjeldande planstatus for eigedommen er uregulert, men avsett til byggjeområde for hytter i arealdelen i kommuneplan for Meland kommune. Tiltaket krev dispensasjon frå byggjegrænse mot sjøen avsett i kommuneplanen.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen har ikkje merknader til sjølve tilbygget. Tilbygget skal vende vekk frå sjøen og fritidsbustaden ligg der i dag. Vi er derimot uroa over området som er tenkt planert i samband med tilbygget og meiner at dette ser unødvendig stort ut. Området er teikna inn med ein tusj på eit kart og vi meiner det er vanskeleg og vurdere verknaden av planeringa.

Fylkesmannen si vurdering er at saka må opplysast betre og området som er tenkt planert bør ikkje vere større enn naudsynt.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing



Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent